



Trond Eknes
Øyna 9
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6858 - 14/24117

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
27.10.2014

Uttale til søknad om dispensasjon - gbnr 239/95 - Eknes Ytre

Teknisk drift syner til søknad om dispensasjon for endring av vegtilkomst til gbnr 239/95 i Lindås kommune.

Reguleringsplanen viser vegtilkomst til eigedommen frå nord. Denne vegen er ikkje opparbeida og i henhold til plan og bygningslova § 18-1, første ledd bokstav a, skal denne opparbeidast ved bygging på tomta. Slik vi forstår Dykkar søker ønskjer De ikkje å opparbeida kommunal veg fram til tomta, men ønskjer å knytte Dykk til eksisterande veg mot vest over regulert grøntareal. Vegen i nabofeltet er regulert til offentleg veg, men er ikkje overteke av kommunen da denne har mangler. Vi kan ikkje rå til at denne vegen blir tatt i bruk av fleire tomter utanfor planområdet. Ny tilkomst medfører at parkeringsareal vest for gbnr 239/95 må flyttast utan at plassering av dette er bestemt, og som igjen vil påverke regulert snuhammar. Planen viser ikkje at tomt 18 har vegtilkomst mot vest. Tilkomst til tomt 18 syntes ikkje å være regulert, med unntak av felles gangveg mellom tomtene mot nordøst som ledes til felles parkeringsareal (i bestemmelsene går det fram at byggeområdet for busetnad inkluderer fellesanlegg og interne fellesareal).



Tomt 16 og tomt 18 skal etter planen ha sine parkeringsplasser ved snuhammeren. Kommunen vil ikkje kunne godkjenne at avkjørsla går inn i snuhammeren. Videre vil tiltaket kunne medføre ulemper for naboer mot vest, blant anna i form av støy utan at det har vore gjennom ein demokratisk prosess. Nabo mot nord, tomt 16, vil kunne miste mulighet til å parkere nord for snuhammeren.

I forhold til tømming av kommunalteknisk anlegg vil etablering av tilkomstveg som omsøkt kunne medføre utfordringer knytt til opplyst tømming frå enden av regulert veg i nabofeltet.

Teknisk drift rår til at saka vert handsama gjennom ei planprosess der dette kan vurderast nærmere. Vi gjer likevel merksam på at stigning på vegen inn på tomta er for bratt til å kunne tillates jf. forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» punkt 3. I ein eventuell planendring vil kommunen anbefale at vegen mot vest vert omgjort til privat fellesveg.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Kristin Nielsen

Mottakarar:

Trond Eknes

Øyna 9

5913

EIKANGERVÅG